

NOTERT



Foto: NTB Scanpix

**Må stikke seg fram:** Den som vil gjøre forskarkarriere, må våge å stikke seg fram, er bodskapen.

FORSKNINGSRÅDET

**Vi ha fleire utanlands**

\* Forskningsrådet meiner for få norske forskarar nyttar seg av høva til å arbeide ein periode med forsking i utlandet. Den som vil gjøre forskarkarriere, må våge å stikke seg fram, er bodskapen. Forskarar som ikkje har forska utanlands, har små sjansar til å konkurrere om pengar frå EU og andre internasjonale finansieringskjelder, meiner Per Magnus Kommandantvold i Forskningsrådet.

– Vi veit at forskarar som ikkje lykka med sørknaden til det europeiske forskningsrådet ERC, ofte ikkje klarer å vise at dei har eit uavhengig forhold til heiminstitusjonen og rettleiren. For eksperimentpanelet er mobilitet ein viktig faktor i vurderinga av sjølvstende, seier Kommandantvold. ©NPK

FAGRØRSA

**Fleire norske fagorganiserte**

\* Stadig fleire norske arbeids-takrar fagorganiserer seg. I fjor auka talet på fagorganiserte med 1,9 prosent.

Det var i alt 1.778.230 fagorganiserte i Noreg ved utgangen av året, ein auka på 33.248 frå året før.

Omlag 93 prosent av dei fagorganiserte ligg under dei fire hovudorganisasjonane LO, YS, Unio og Akademikerne. ©NPK

\* FELLESMEIERET SA

# Strid om fordeling av mjølkemillionar

Fellesmeieriet SA, som forvaltar store verdiar for mjølkelønder på Austlandet, skal etter planen avviklast i dag. Fordelinga av millionbeløp skapar strid.

I dag skal årsmøtet i Fellesmeieriet SA ta stilling til avvikling av selskapet. Selskapet blei oppretta i 2001 i samband med at ei rekke regionale meieriselskap gjekk i saman og etablerte konsernet Tine. Sidan dei ulike regionale selskapa hadde ulik økonomi og eigenkapitalsituasjon blei delar av eigedelane skilt ut i eigne selskaper.

**Protestever på fordeling**

Fellesmeieret, som vart etablert av i underkant av 2000 mjølkelønder over store delar av Austlandet, disponerte etter det Nationen forstår mellom anna over ei 80-tals leilegheiter og store kontantbeløp. Dei attverande

verdiane i selskapet skal etter planen fordelast på dagens rundt 600 aktive mjølkelønder i området. Det meiner Olav Markestad, pensjonert mjølkelønder fra Vestre Toten i Oppland, er feil.

– Eg meiner det blir feil at tidlegare mjølkelønder knapt får utbetalte noko. Verdiane er opparbeidd i perioden for selskapet blei etablert og beløpet bør fordelast på langt fleire enn dei som er aktive mjølkeløner i dag, seier Markestad.

Han stiller spørsmål ved om det var rett å etablere eit slikt selskap i det heile, i staden for at verdiane skulle gå inn som ein del av Tine. Det er derimot historie i dag, men Markestad meiner beløpet bør

delast på fleire mjølkelønder enn dei vel 600 som er aktive i området i dag.

– Primært meiner eg pengane bør delast på dei som var aktive i 1991, sidan kapitalen var opparbeidd før den tid. Sekundært kunne pengane blitt fordelt på dei som har vore aktive dei siste 10 åra, seier Markestad og viser til fleire endringar i selskapet gjennom åra.

I følgje Markestad ligg han og sonen, som overtok mjølkeproduksjonen før drifta seinare blei avvikla, berre an til å få utbetalte 125 kroner. Det er beløpet som i si tid blei betalt inn som andelsinnskot. Fleire aktive produsenter kan derimot ifølgje Markestad truleg få utbetalte beløp på over 100.000 kroner.

– Det tykkjer eg er feil. Eg vil ta det opp på årsmøtet, seier han.

**Skal styrke aktive lønder**

Fellesmeieret SA har utbetalte 25 til 30 millionar kroner i årelag ut-

**VERDIFORDELING**

«Eg meiner det blir feil at tidlegare mjølkelønder knapt får utbetalte noko.»

OLAV MARKESTAD  
PENSJONERT MJØLKEBONDE

bytte dei siste åra. I rekneskapen for 2013 står selskapet oppført med 77,4 millionar kroner i eige-delar og 38,4 millionar kroner i eigenkapital.

Styreleiar Asmund Wold, mjølkelønder i Etnedal, seier han ikkje veit eksakt kor mykje pengar som er att til fordeling når selskapet etter planen blir vedtatt avvikla på årsmøtet i dag. Han seier intensionen i lang tid har vore å fordele verdiane på dagens aktive mjølkeprodusenter.

– Intensionen har i lang tid vore å styrke aktive leverandørar. Pengane blir etter planen fordelt etter leveransane det siste året, seier Wold.

– Nokre meiner beløpet bør fordelast òg på tidlegare leverandørar?

– Intensionen har sidan selskapet blei stifta vore at pengane skal gå til aktive leverandørar. Det legg styrte til grunn, seier Wold.

Han fortel at alle leilighetane nå er selt og at verdiane er gradvis utbetalte over dei siste 15 åra. Ifølgje Wold har utbetalinger utgjort i snitt litt under 20 øre per liter pr år for kvar bonde.

– Det har vore flott med ei ekstra inntektskjelde. Nå blir den borte, men det har vore kjent lenge, seier han.

BJARNE BEKKEHEIEN AASE

bjarne.aase@nationen.no



**Mjølkekongen:** Det er ulikt syn på korleis verdiane i Fellesmeieret SA skal fordelast når årsmøtet i dag etter planen skal vedta å avvikle selskapet.

ILLUSTRASJONSFOTO: BJARNE BEKKEHEIEN AASE

# Svenskane stoppar butikksalet av paracetamol

HELSE

Frå og med november vil ein ikkje kunne handle smertestillande tabletter i svenske matbutikkar.

Det er legemiddelverket i landet som har bestemt at paracetamol i tabletform ikkje lenger skal seljast i daglegvarebutikken. Årsaka er at ein ser ein samanheng mellom butikksal av smertestillande piller og forgifting.

– Vi vil vedta eit tiltak som har ein så sterkt innverknad som mogleg på impulsbruken, og så liten effekt som mogleg på normal bruk, seier Rolf Gedeberg i legemiddelverket.

Ein studie viser at talet på forgiftningstilfelle med paracetamol var fordobla mellom 2000 og 2013. Ein såg ein klar trend etter

2009, då ein begynte å selje tabletteutanfor apotek. Sidan då har talet på forgifta auka med 40 prosent.

Forbodet trer i kraft 1. november. Vedtaket gjeld berre vanlege tabletter som eit svælger heile, og ikkje eksempelvis stikkpiller, smeltatablettar og brusetablettar.

Her i landet blir det derimot ikkje noko forbod mot sal i butikk, skriv Stavanger Aftenblad.

– I Noreg har vi to gode studiar som er basert på talet på innleggningar på sjukhus og alvorlege forgiftningar med paracetamol. Dette ikkje funnet nokon auka etter at paracetamol kom i butikkhyllene, seier Sigurd Hortemo, overlege ved avdeling for legemiddelinformasjon i Legemiddelverket. ©NPK



**Slutt:** I Sverige blir det forbode å selje paracetamol i matbutikkar frå 1. november.

ILLUSTRASJONSFOTO: NTB Scanpix/NPK